

ID 254.24

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Fråsegn: Ferjetilbodet Stord - Kvinnherad

Sunnhordlandsrådet er svært uroa for framlegget frå fylkesdirektøren om halvering av ferjetilbodet mellom Stord og Kvinnherad (Skjersholmane–Ranavik), og internt i Kvinnherad (Årsnes–Varaldsøy–Gjermundshamn). Framlegget vil ha store negative konsekvensar for heile region, og konsekvensane er ikkje forsvarleg utgreidde.

Det varsla behovet for innsparingar på kollektivfeltet er i storleik 131 millionar kroner. Ser me på føreslegne reduksjonar er det regionane Sunnhordland og Hardanger som i framlegget ligg an til å få klart mest kutt. Dei føreslegne kutt i desse regionane summerer seg til over 50 millionar kroner. Dette kan me ikkje akseptera, og vil på vegne av alle Sunnhordlandskommunane gje klår melding om at me forventar at ferjetilbodet vert vidareført minst som i dag. Som det går fram av fylket sine eigne dokument (Framsikt) er ferjetilbodet på ingen måte over standard, det er heller på eit minimumsnivå. Me vil visa til at Sunnhordlandsrådet tidlegare har dokumentert kva det lange ferjesambandet mellom dei to største kommunane i Sunnhordland medfører av negative konsekvensar og kostnader for næringslivet i regionen. Å halvera dette allereie dårlege tilbodet vil vera svært utfordrande, og verknadane så omfattande at dei vanskeleg kan beskrivast i eit stutt brev.

Me veit at både dei folkevalde og administrasjonen i Vestland fylkeskommune kjenner den store verdiskapinga som skjer i Sunnhordlandsregionen, og kva næringslivet og tenesteytarane i denne regionen bidreg med til storsamfunnet gjennom skatteinntekter, industriutvikling og tenesteyting med meir. Me er difor svært overraska over at fylkesdirektøren likevel føreslår at nettopp denne regionen skal ha dårlegare vilkår enn andre delar av fylket.

Me kan heller ikkje akseptera at over 13.000 av regionen sine innbyggjarar skal få endå dårlegare kommunikasjonar inn til regionsenteret Leirvik. Her ligg heilt vesentlege, regionale funksjonar som mellom anna sjukehus, høgskule, domstol med vidare. Ei rasering av ferjetilbodet, som dette faktisk vil vera, vil ha store konsekvensar for folk som har bruk for desse tenestene. Fylkeskommunen risikerer å gjennom dette bidra til å redusera, og ikkje styrkja, kvaliteten på dei offentlege tenestene i regionen vår. Dette vil vera i strid med alle relevante regionale planar og fylkeskommunale målsetjingar. Sunnhordlandsrådet stør utan atterhald Kvinnherad kommune sitt krav om at framlegget vert lagt bort utan opphald.

Det er på tide at fylkeskommunen etter kvart gjer sitt for å leggja til rette for at Sunnhordland kan vidareutvikla seg som ein viktig motor i verdiskapinga i fylket, og at lovnadane om å vera ein regional utviklingsaktør for heile Vestland no blir omsette i konkrete handlingar og tiltak.

Sunnhordland, 29. oktober 2024

André Mundal Haukås
Regionrådsleiar

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar